



Møre og Romsdal
fylkeskommune

INGENIØR JOSTEIN BØ
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	10.02.2022	37729/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	21.04.2022

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Sessneset og Daugstad gamle skule - BN10 – fråsegn ved oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld varsel om oppstart av detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset i Vestnes kommune. Formålet er å legge til rette for vidare utvikling av eksisterande næring i området, men også legge til rette for framtidig etablering. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Vi registrerer Vestnes kommune si avgjersle om at planen ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing. Vi er til dels ikkje samd i dette.

Sjølv om delar av området i dag er nytta til landbasert oppdrett, så er dette i seg sjølv ikkje eit argument for ikkje å gjennomføre konsekvensutgreiing (KU) dersom tiltaket som no er omsøkt utløyser krav om KU og dersom dagens aktivitet ikkje er konsekvensutgreidd på tiltaksnivå. Det er ikkje vist til slike utgreiingar.

KU skal vere eit verkemiddel for å ta nødvendige omsyn til negative og positive verknader, dermed gi eit betre grunnlag for å fatte avgjerd i saka. KU vil også bidra til at løysinga blir meir berekraftig. KU bør også gjere greie for om dette er den beste plasseringa eller om andre alternativ burde vore utgreidd nærare.

§ 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn, seier i punkt b) at tiltak i vedlegg II som skal bli behandla etter ei anna lov enn plan- og bygningsloven krev KU. Vi viser her til vedlegg II, f) Akvakultur.

Jamfør innspel nedanfor i avsnitt kulturminne frå nyare tid, er det fleire kjende kulturminne innanfor planområdet. Kva konsekvensar planen får for kulturmiljø og kulturminne bør bli greidd ut, både når det gjeld sjølve byggverka, men og opplevinga av kulturmiljøet som ein del av kulturlandskapet på staden. Her kan det vere relevant også å sjå korleis tiltak i planområdet påverkar kvalitetar utanfor, jamfør innspel nedanfor.

Status, moglege avbøtande tiltak og tilstand for bygningane bør bli kartlagt. For å innhente dokumentasjon om byggverk og tilstand vil vi rå til at ein nyttar lokal fagkompetanse på tradisjonshandverk, som til dømes regionhandverkarar ved Romsdalsmuseet.

Det er i området i dag fleire einebustader som ligg tett innpå området. Kombinasjonen bustad og næring tett innpå kvarandre ser vi fleire døme på kan skape konflikt vedrørende støy, lys og visuelt. Planomtalen bør synleggjere kor framtidige bygningar og anlegg vil stå fram visuelt.

Samferdsel

Fylkesveg 5981 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 750 køyretøy og fartsgrensa er 70 km/t. Vegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser gitt haldningsklasse «mindre streng», og byggegrense 30 meter målt frå senterlinja på fylkesvegen.

Om byggegrensene

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan det ikkje byggast innanfor byggegrensa. Dette gjeld alle byggverk, inkludert laus kiosk, opplag eller anna større innretning, vareramper, murar og liknande innretningar, utsprengde og utgravne rom, nettstasjonar m.v.

Byggegrensa må visast i kartet, og talfestast i tilhøyrande føresegn. Langs fylkesveg 5981 skal ho som nemnt vere 30 meter frå senterlinje veg.

Trafikktryggleik

Planområdet blir delt i to av fylkesvegen og Møre og Romsdal fylkeskommune er i utgangspunktet svært skeptisk til tosidig utbygging med omsyn til trafikktryggleik. Dette genererer auka aktivitet på tvers av vegen og vil vere uheldig både for mjuke trafikantar som ønsker å krysse fylkesvegen og trafikantane som ferdast på fylkesvegen.

Planforslaget må omtale eventuell trafikkauke, trafikkløysingar, kollektivtrafikk, samt situasjonen for mjuke trafikantar. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, beskriving av planforslaget, verknader av planforslaget, eventuelt avbøtande tiltak og rekkefølgekrav.

Avkøyrslar og frisktsonene

Avkøyrslar frå fv. 5981 må regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, og det må bli knytt rekkefølgekrav til opparbeiding/utbetring av avkøyrslar i tråd med vegnormalane. Vi minner om at frisktsonene i avkøyrslar/kryss til planområdet må visast som omsynssone i plankartet, og det må bli knytt føresegn til omsynssona. Innanfor

sikttrekanten skal mellom anna eventuelle sikthindringer ikkje være høgare enn 0,5 m over primærvegen sitt køyrebanenivå (jf. N100 4.1.1.6 Siktkrav).

Avkøyrse helt i nord ser ut til å kome svært skrått på fylkesvegen, og dette fører til dårleg sikt. Ei utbetring av denne avkøyrse vil vere best med tanke på frisikt. Handbok N100 viser til at avkøyrse og privat veg inn på eigedomen i størst mogleg grad skal vere kopla på offentleg veg med ein vinkel på 90 grader. Det er opna for avvik på +/- 20 grader. Avkøyrsla må utbetrast slik at tilkoplingsvinkel blir i tråd med vegnormalane.

Avkøyrse i nord har også ein svært uheldig plassering da køyretøy må krysse busslomme for å nytte den. Området er svært utflytande, og køyrearealet går i eitt med arealet for busslomme og mjuke trafikantar. Det stillast krav til ein bestemt bredde på avkøyrse for å unngå at avkøyrse blir svært utflytande og breie. Utflytande og «unaudsynleg» breie avkøyrse kan bli verkande udefinerte, og vil kunne skape eit forvirrande trafikkbilete som igjen kan føra til trafikkfarlege situasjonar. Eit klart definert avkøyrsepunkt med tydeleg markert svingradius og ein avkøyrse som ikkje er utflytande er viktig for å sikre eit trafikktrygt køyremønster.

Areal

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må regulerast til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Støy

Støy må blir vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegrer og ev. avbøtande tiltak.

Oppsummering

Planforslaget må knyte rekkefølgekrav til alle tiltak som påverkar og sikrar dei trafikale løysingane.

Dersom planforslag krev fråvik frå vegnormalane, må eventuelt fråvik vere avklart før reguleringsplanforslaget kan bli lagt ut til offentleg ettersyn. For meir informasjon om fråvik, sjå: www.mrfylke.no/vegskjema.

Automatisk freda kulturminne

Vi har ingen merknader til planforslaget, men ber om at meldeplikta for funn av automatisk freda kulturminne takast med i reguleringsføresegna:

«Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne (t.d. konsentrasjonar av trekol og stein under markoverflata), pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeide om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.»

Marine kulturminne

Uttale frå NTNU Vitskapsmuseet;

«NTNU Vitenskapsmuseet er fagmyndighet for kulturminner under vann i Midt-Norge. Vi skal vurdere alle planlagte tiltak i sjø og vassdrag ut fra hensynet til en eventuell konflikt med kulturminner under vann som er fredet, eller vernet, i medhold av Lov om Kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 4 eller 14.»

Dersom reguleringsplanen åpner for inngrep i sjø eller vassdrag i form av mudring eller annen graving, utfylling, moringer, pæling eller annet, kan NTNU Vitenskapsmuseet kreve å gjennomføre en marinarkeologisk befaring på stedet, avhengig av tiltakets art og omfang, jf. kulturminneloven § 9. Hensikten med en slik befaring er å avklare hvorvidt nevnte inngrep kan skade fredede eller vernede kulturminner under vann eller i strandsonen. Kostnadene i forbindelse med slike befaringer må i henhold til kulturminneloven § 10 bæres av tiltakshaver.

Vi ber om at tiltakene i sjø blir nøye beskrevet i det videre planarbeidet, med hensyn til materialbruk, alle inngrep i sjø (mudring, dumping, fylling etc.) og reelle dimensjoner (herunder fyllingsfot for eventuelle utfyllinger), og at dette tydelig fremkommer på kartmaterialet.

NTNU Vitenskapsmuseet takker for varselet og ber om å få oversendt 1. utkast av reguleringsplanen med reguleringsbestemmelser og kartmateriale, til uttalelse når dette foreligger.»

Kulturminne frå nyare tid

Området langs Sesselva og ved utløpet på Øyra har stor tidsdjupne. Det skal ha stått fleire generasjoner kvernhus og sager langs Sesselva og utnyttning av vassressursane har opp igjennom tida vore viktig. Namn som *Kvernaholan* og *Kvernhusholan*, ved plangrensa i sør, viser den tidlegare bruken av området. På grunn av den rike historia er Sesselva og området langs elva registrert som listeført kulturminne, sjå [kulturminne ID 244521](#).

Som ein del av naustområdet nord i planområdet finst eit SEFRAK-registrert naust, ID 1535-0013-049. Truleg er det dette nauset som visast på eit jordskiftekart over området frå 1882. Ifølge kartet stod nauset da som einaste byggverk yst på Øyra. I følge SEFRAK-registreringa skal nauset tidlegare ha stått ein anna plass før det vart flytta hit. Noko av tømmeret skal vere øksa og bygningen skal vere oppført før 1850. Etter kulturminnelova § 25 er vesentlege endringar av byggverk frå før år 1850 meldepliktig til regional kulturmiljømyndigheit.

Like utanfor planområdet i aust, på Daugstad, finst fleire kulturminne som er registrert i SEFRAK. Det kan også vere andre kulturminne frå nyare tid innafor planområdet som enno ikkje er registrert.

Teknisk industrielt kulturmiljø: Daugstadsaga:

Nord for Sesselva finst eit teknisk industrielt kulturmiljø - *Daugstad Sagbruk*. Saman med sjølve elva omfattar kulturmiljøet sagbruk, vassveite, naustmiljø, utskipingskai og lagerbygningar. Daugstad Sagbruk vart grunnlagt i 1929 av Nils J. Daugstad. Dette er siste generasjon av Daugstadsaga, som også har det historiske namnet Sørensgen etter garden som saga vart bygd på. Saga stod tidlegare i Storhølen, heilt sør i planområdet, før ho vart flytta ned til plasseringa ho har i dag i 1928. Daugstad Sagbruk er soleis eit vitnesbyrd om fleire generasjonar sagbruk på Daugstad.

Verksemda leverte skipsmaterialar, mastetømmer, husmaterialar, sildekasser med meir. Det er vidare opplyst om at ein stor del av produksjonen gjekk til båtbyggjeria.

Båtbyggerhistoria i Vestnes har status som regionalt verneverdig i "*Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*" (2015). Eit teknisk industrielt kulturmiljø, i form av en leverandør og produksjon av material og råprodukt til båtbygging er ein del av det industrielle kretsløpet og difor viktig for heilskapen.

Vi ber om at kulturmiljøverdiane vert kartlagt gjennom planprosessen. Vi ber også om å bli invitert til ei felles synfaring som ein del av planprosessen. På generelt grunnlag

opplyser vi for ordens skuld at planar som ikkje tilstrekkeleg sikrar regionalt verneverdige kulturmiljøverdier kan gi heimel til motsegn.

KONKLUSJON

Vi ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare planprosessen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Automatisk freda kulturminne: Signe Marie Midtgård, tlf. 907 80 287

Marine kulturminne: saksbehandlar Staale Nordmann, postmottak@ntnu.no

Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Ola Hjelen, tlf. 71 28 05 14

Kopi:

Vestnes kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Kystverket
Fiskeridirektoratet
NVE